

Interessentar/ organisasjon

Norheimsund, 22.04.2020

Dykkar ref:

Prosjekt: Detaljregulering Tangeråshagen 4622 2020003

Vår ref: 2646

Melding om oppstart av detaljreguleringsplan på gnr. 121, bnr. 17 og 168 m.fl. Solhaug på Tangerås, 4622 2020003, Kvam herad – leilegheiter

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at Geoplan AS skal, på oppdrag for Fuglafjell AS, utarbeide ein detaljreguleringsplan for eigedom gnr. 121 bnr. 17 og 168 m.fl. Solhaug på Tangerås i Standebarm, Kvam herad.

Området er på ca. 6 daa og ligg i eit etablert bustad- og fritidsbustadområde og vil erstatta delar av gjeldande reguleringsplan for Strandebarm Barnehage frå 2014, reguleringsplan for Strandebarmstunet frå 2006 og reguleringsplan for Tangeråshagen frå 1999. Føremålet med detaljreguleringsplanen er å leggje til rette for to bygg i to byggetrinn med felles heis, trappehus og gjesteparkering, og ca. 9 einingar i kvart bygg. Parkeringskjellar og leilegheiter fordelt over totalt fire etasjehøgder. Det er ønskjeleg med tilkomst til p-kjeller frå sør og gjesteparkering frå nordsida. Dette er i tråd med overordna plan, der arealdelen til gjeldande kommuneplan for Kvam herad viser at området som sentrumsområde - framtidig. Planområdet er avgrensa som vist på vedlagd kartskisse.

Planen er ikkje i strid med overordna plan og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing, jf. KU-forskrifta §§ 3-5.

Frist for innspel til planarbeidet er sett til 22.05.2020.

Innspel som kan ha innverknad på, eller vere av interesse for planarbeidet, skal sendast Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; post@geoplan.no. Spørsmål rettast til Geoplan AS på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt til Kvam herad for handsaming.

Med helsing

Solveig Valland
Sivilarkitekt MNAL / arealplanleggjar

